



Nordhordland ballklubb

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/105 - 15/4349

Saksbehandlar:

Atle Vaage

Atle.Vaage@lindas.kommune.no

Dato:

24.02.2015

## Møtereferat drøftingsmøte om idrettsbygg Knarvik stadion 3. februar 2015

### Nordhordlandshallen 03.02.2015

**Til stades:** Knarvik IL v/ Gunn Hosøy, Thore Andersen og Toyni Sæbø. Nordhordland karateklubb v/ Arild Aase, Paul Walter Johannessen og Berit Bruvik, NBK v/Erlend Andaas og Øystein Moldekleiv, Knarvikmila v/Helge Brekke. AKS 77 v/Arne Reigstad og John Flatøy. Nordhordland bokseklubb v/Alexander Reyes-Lingjerde. Frå Lindås kommune møtte Therese Urdahl Braseth og Atle Vaage.

Lindås kommune innleia med ein kort gjennomgang av kva bygningar som finst i idrettsparken i dag, eigarforhold og tilstand;

**NBK-bygget:** Eigd av NBK, men står på grunn eigd av kommunen. Treng eit løft på vedlikehald. Gir NBK leigeinntekter. Bygd ved hjelp av spelemidlar.

**Verkstad m/ speakerbu:** Eigd av kommunen, ein liten del vert brukt av AKS 77. Bygningen er gamal og tilfredsstillar ikkje behovet.

**Rubbhall:** Eigd av AKS, men står på grunn eigd av kommunen. Brukt av Knarvikmila, AKS og kommunen. Dårlig stand og tilfredsstillar ikkje behovet for lager. Fekk skader under stormen i januar, og må utbetrast snarast om den ikkje skal måtta rivast.

**Musikkhuset:** Eigd av kommunen, Eikanger-Bjørsvik disponerer hovuddelen på langtidsavtale. Garderobedelene vert brukt av kommunen. Denne delen er i lite tilfredsstillande stand, og talet garderobar er for lite i høve behovet. Bygd ved hjelp av spelemidlar.

Kommunen sitt mål med møtet er å starta prosessen for å få reist eit felles idrettsbygg som kan husa lager, verkstad og garderobar til uteanlegg. Samstundes ønskjer ein vurdert om eit slikt bygg også kan gje rom for idrettsareal, samt kontor og sosiale rom til bruk for dei frivillige laga.

**Arild Aase - karate:** Ønskjer at ein ser på eige bygg for det som ikkje er lagidrettar. Viser til tidlegare dialog om eventuelt påbygg på musikkhuset, og ønskjer å vita kva planar som finst for dette bygget. Strekar under at eit slikt bygg ikkje må gå ut over andre prosjekt som td utviding av hall-kapasitet.

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



**Alexander Reyes-Lingjerde - boksing:** Må våga å tenka stort, eit slikt bygg kan skapa moglegheiter. Må vera for andre enn lagidrettar.

**Arne Reigstad - AKS 77:** Skrikande behov for lagerplass på stadion. Friidrett har stort behov for lokale for tidtakar. Idrett generelt har behov for felles møterom. Viktig å streka under at dette ikkje må utsetjast, idretten treng eit slikt bygg no. Peika og på at det byrjar bli knapt med areal i og rundt idrettsparken, og at det difor er viktig å sikra det arealet som finst til idrett.

**Helge Brekke - Knarvikmila:** Kommunen må sjå langt fram og byggja stort nok for alle, og slik at det er rom for Knarvikmila og andre å utvikla seg vidare. Treng lager der ein kan kjøra direkte inn. Etterlyser og kontorlokale og ikkje minst ein kafe. Skal Knarvik vera regionsenter må kommunen våga å sei at dette er hovudanlegget for idrett og satsinga må stå i stil med det.

**Erlend Andaas - NBK:** Fotball har først og fremst behov for tilfredsstillande anlegg for garderober til uteanlegga. Må per i dag bruka garderober i hallen, og der er det overfylt frå før. NBK eig NBK-bygget utan gjeld, og kan ikkje utan vidare gå med på ei løysing som inneber nybygg der NBK-bygget står i dag.

**Therese Urdahl Braseth – Lindås kommune:** Streka under at ei slik investering er avhengig av politisk vedtak. Må difor få fram ein godt gjennomarbeida plan for kva ein treng i eit slikt bygg, for å kunna leggja dette fram for politikarane. Opplyste at rådmann ønskjer å starta budsjettprosessen tidleg, og at eit innspel difor må vera klart til sommaren dersom ein ønskjer å kjempa om midlar i 2016.

#### **Spørsmål om eventuell medverknad frå idrettslaga:**

Det vart frå Lindås kommune spurt om moglegheit for økonomisk og annan medverknad frå idrettslaga i eit slikt byggjeprojekt. Idrettslaga er samstemte i tilbakemelding på at dei ser det som eit kommunalt ansvar å byggja og driva eit slikt bygg, og at idrettslaga sitt ansvar er begrensa til å skapa aktivitet på anlegga.

#### **Vidare arbeid:**

Alle laga skal **så snart som mogleg, og seinast innan 1. april 2015**, levera inn eit skriv med konkrete arealbehov i eit idrettsbygg. Arealbehovet skal om mogleg vera lista i prioritert rekkjefølgje. Klubbane sender dette til Atle Vaage på [atle.vaage@lindas.kommune.no](mailto:atle.vaage@lindas.kommune.no)

Ut frå innsendt materiale vil kommunen si eining for eigedom oppretta ei arbeidsgruppe og få utarbeidd skisser, med sikte på å fremma prosjektet i budsjetthandsaminga for 2016.

Det vart i møtet også tatt opp ein del spørsmål kring tema som utstyr, hall-kapasitet, symjeanlegg, isanlegg og samfunnshusfunksjon. Therese Urdahl Braseth streka under at det er behov for eit idrettsbygg på stadion uavhengig av kva løysingar som vert velt for utvikling av idrettsanlegga, men at eit slikt bygg må sjåast i samanheng med ein samla plan for vidareutvikling av Knarvik idrettspark.

Med helsing

Atle Vaage  
fagansvarleg idrett og grønt

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Nordhordland ballklubb

Nordhordland bokseklubb

Nordhordland karateklubb

knarvikmila

AKS 77

knarvik idrettslag